

Vedtekter for Jølster Treningscenter SA

§ 1. Foretaksnavn

Jølster Treningscenter SA, heretter kalt foretaket, er eit Samvirkeforetak. Medlemmane heftar ikkje overfor kreditorane for foretakets forpliktelsar.

§ 2. Foretningsadresse og forretningskontor

Foretaket si postadresse er:

Jølster Treningscenter SA
c/o Kim Ronny Lykkebø
Jovikhogen
6847 Vassenden

Foretaket si Foretningsadresse/ kontor er:

Jølster Treningscenter SA
Hjellbrekkefeltet
6847 Vassenden

§ 3. Virksomheit og formål

Foretaket skal starte og drive Treningscenter. Formålet er å skape eit treningstilbud på Vassenden for innbyggerane. Dette skal vere eit sjølvbetjent treningscenter der oppstart og drift baserar seg på dugnad og frivilligheit. Foretaket har eit ikkje – økonomisk formål. Verksomheita si avkastning blir stående i virksomheita til vidare drift, vedlikehold og utvikling. Oppstartskapital blir blant anna basert på gåver frå næringslivet, stiftelsar, det offentlige, organisasjonar og andelstegning frå allmennheita som ellers vil vere med på å skape eit slikt tilbud. Dei som kjøper andelar blir medlemmar i foretaket og kan ta del i drift og utvikling av treningstilbudet. Brukarane av foretaket må betale ei månedlig treningsavgift som skal dekke driftskostnader og sikre framtidig drift og utvikling.

§ 4. Andelstegning

Andelar i foretaket kan tegnast av enkeltpersonar, bedrifter, det offentlige, lag og organisasjonar. Kvar andel kostar kr 1000 og skal betalast inn på foretakets konto ved teikning. Andelseigarane kan tegne fleire andelar. Andelseigarane har 1 stemme ved årsmøte uavhengig av antal andelar. Andelseigarane har ikkje ansvar for foretakets forpliktelsar ut over dei teikna andelane. Andelseigarane har ikkje krav på tilbakebetalt andelsinkot ved utmelding og heller ikkje krav på å få utbetalt renter på andelsinskuddet. Styret delar ut andelsbevis, og det førast opp eit register på andelseigarane. Det skal betalast årleg treningsavgift. Prisen på treningsavgifta blir vedteke av årsmøtet.

§ 5. Anvendelse av årsoverskuddet

Årsoverskuddet blir tillagt foretakets eigenkapital for styrking og utvikling av treningstilbudet. Det vert ikkje delt ut av overskotet til andelseigarar.

§ 6. Styre og dagleg leiar

Foretaket skal ha eit styre med minimum 3 og maksimum 5 medlemmar. Styremedlemane skal velgast inn på årsmøtet. Styreleiar velgast av styret. Valgperioden for styremedlemmer er 4 år. Vedtak i styret blir gjort på alminneleg fleirtalsvedtak. Ved likt stemmetal har styreleiar dobbelstemme. Foretaket skal ikkje ha ein dagleg leiar.

Styre skal:

- Forvalte drifta av foretaket
- Arbeide etter vedtektenes retningslinjer
- Utarbeide planar for utvikling og drift av foretaket
- Utarbeide budsjett og sette opp årsmelding

§ 7. Årsmøte

Årsmøte er foretakets øverste organ. Årsmøtet skal holdast kvart år innen utgangen av April.

Innkalling sendast til andelseigarane seinast 2 veke før møtet med sakliste. Saker ein ønskjer å ta opp på årsmøte må vere i styrets hender seinast 15. Februar.

På årsmøte skal følgjande saker behandlast:

1. Årsmelding og Reknskap
2. Framlegg til budsjett kommande år
3. Fastsette treningsavgifta
4. Andre saker som står på sakslista
5. Valg av styremedlem kvart 4 år.

Vedtak i årsmøtet fattast med fleirtal av avgitte stemmer, so sant ikkje anna er fastsatt i lova

Vedtak om endring av vedtektene vert gjort av årsmøtet etter forslag frå styret, og vert gjort med 2/3 fleirtal av avgitte stemmer.

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret eller når 1/10 av andelseigarane krev det. Innkallinga skjer skriftelig til alle medlemmane 14 dagar før møtet.

§ 8. Oppløysing av foretaket og fordeling av nettoformuen

Vedtak om oppløysing av foretaket blir gjort av årsmøtet med same fleirtal som ved vedtaksendring.

Ved oppløysing av foretaket har medlemmane rett til å få tilbakebetalt sine andelsinskudd, dersom det er midlar i foretaket etter det har dekkja sine forpliktelsar. Andelseigarane har ikkje krav på å få utbetalt renter på andelsinskuddet.

Resterande midlar ut over dette skal gå til allmennyttige foretak. Fordelinga besluttast av årsmøtet.

§ 9. Voldgift

Twist mellom medlemmene eller mellom ett medlem og foretaket skal først søkes løst ved forhandlinger, gjerne ved hjelp av en tredje person. Fører slike forhandlinger ikke fram, kan hver av partene forlange tvisten endelig avgjort ved voldgift etter bestemmelsene i lov 14. mai 2004 nr. 25 om voldgift.

Voldgiftsretten treffer også avgjørelse om saksomkostninger.

Vassenden, 12 februar 2013